



---

# Notat

---

## Emne: Plansak 12602013000200 - Kommuneplan for Radøy kommune - temarevisjon - arbeidsnotat for ferdigstilling av plandokument

Framlegg til reviderte plandokument vart lagt fram for styringsgruppa i arbeidsmøte 04.09.18, FS-sak 045/2018. Styringsgruppa var nøgd med plandokumenta, og hadde få merknader/ynskje om endring. Rådmannen har no arbeida med å ferdigstille dokumenta i tråd med styringsgruppa sine signal.


Sidan møte i styringsgruppa 04.09.18 er følgjande arbeid utført:

- Arbeidet med **bandleggingsoner for kulturminner(H730) og omsynsoner for kulturminne/kulturmiljø (H570)** i kartet er ferdigstilt i samarbeid med kommunal kulturminnestyresmakt.
- **Omsynsone for kulturminne på Marøy** er vurdert i samsvar med vedtak i Hovudutval for plan, landbruk og teknisk 12.09.18, sak 054/2018:

*Edgar Grindheim (AP) advara mot ei så omfattande omsynssone at det kan sparka beina under dei som driv med beiting. Han sa at området i denne samanheng ikkje lenger vil ha nokon verdi dersom det blir slutt på beitinga.*

*Fungerande møteleiar Leif Taule kom med følgjande innspel under behandling-delen i møteprotokollen: I samband med rulleringa av kommuneplanen ber hovudutvalet om at det blir sett nøyare på ei avgrensing av omsynssone i beiteområde.*

Framlegg til omsynsone for kulturminne på Marøy har grunnlaget i Askeladdenbasen hjå [www.riksantivaren.no](http://www.riksantivaren.no):




Utsnitt frå Askeladden

Etter vedtak i Hovudutval for plan, landbruk og teknisk har kommunal kulturminnestyresmakt vore på synfaring den 20.09.18, saman med oppmålingsingeniør, og gjort ei ny lokal vurdering. Kulturminna innafor sona er målt inn for å sikre riktig plassering av sona. Kommunal kulturminnestyresmakt har gjort framlegg om at sona vert delt i to:



Framlegg frå kommunal kulturminnestyresmakt (blå line= opphavleg framlegg til sona. Raud og grøn farge = framlegg til to nye soner)



Framlegg til plankart med revidert sone



Ei omsynsone endrar ikkje arealføremålet LNF og får ikkje den konsekvens at bruk/tiltak i tråd med LNF-føremålet krev dispensasjon. Ei omsynsone er heller ikkje ei bandlegging som førar til bruks- eller byggeforbod. Ei omsynsone skal sikre at det ved tiltak/bruk innafor sona vert teke omsyn til kulturmiljøet. Det å halde kulturlandskapet i hevd gjennom landbruksdrift vil ta i vare omsynet til kulturmiljøet. Sona vil ikkje hindre beite eller naudsynte tiltak i landbruksdrifta, som til dømes oppføring av utegangarfjøs, men sona skal vere eit varsko til både grunneigar og kommunen om at det må gjerast val av til dømes plassering og utforming/estetikk som tek i vare området si verdi. Det er i føresegna til kommuneplanen gjeve retningsliner for sona. Det er rådmannen si vurdering at retningslinene sikrar landbruksdrifta innafor sona.

- Hordaland fylkeskommune har anmoda om at **Indre farlei Austrheim, Lindås og Radøy** vert lagt inn som omsynsone for kulturminne. Ei omsynsone over heile indre farlei er ei kartteknisk utfordring. Det har vore vurdert å leggje indre farlei som eit temakart til kommuneplanen, men kommunal kulturminnestyresmakt har vist til at det eksisterar godt og tilgjengeleg kartmateriale i Askeladden og Nordhordlandskart, og elles i rapporten *Kulturhisotrisk landskap av nasjonal interesse i Hordaland* .



Det er rådmannen si vurdering at det er tenleg at den indre farleie er kartfesta i eksterne kjeldar, og farleia i kommuneplanen vert sikra bare gjennom føresegner etter pbl. § 11-9 nr 7.

- Arealføremål LNF –SBE er justert der føremålet går inn i sikringszone for drikkevattn.
- Det er rydda inn påskrift (tekst) i kartet. Her kan det framleis vere nokre kartfeil spesielt innafor Manger og Radøy sør. Desse vert i så fal retta før utlegging til høyring og offentleg ettersyn.
- Planskildringa er gjennomgått og feilretting er gjennomført i samsvar med tilbakemeldingar frå styringsgruppa i møtet 04.09.18.
- Tilvising til akseptkriteriar for ROS er kontrollert. Gjeldande akseptkriterier er godkjent i KS 30.09.10. (Siste overordna ROS-analyse er frå 2017).
- Føresegna er ferdigstilt og kontrollert mot kart. Det gjenstår språkvask.
- Kommunen har den 29.08.18 motteke to prinsippkisse (tverrsnitt) for forankring av akvakulturanlegg frå Lingalaks. Skissene synar at forankringane ligg djupt, og skissene er lagt til grunn for vurderinga av at fleirbruksområde i sjø i dei fleiste tilfelle kan opnast for fortøyingar til akvakulturanlegg utan å kome i konflikt med likestilt bruk. Det er lagt inn føresegnar i planen som sikrar omsynet til andre føremål og likestilt bruk.



- Kommunen har den 29.08.18 motteke eit nytt brev frå Jorun Søgner som tek opp att innspelet som allereie er omtala i sak 045/2018. Rådmannen har teke brevet til orientering.
- Kommunen har den 21.09.18 mottekebrev frå Tom Hella Eiendom AS som gjeld endring av arealføremål LNF til næring på gbnr 34/27. Innspelet vert handsama etter høyring og offentleg ettersyn.

---

Vår referanse: 14/276 - 18/13819 / PlanID - 12602013000200, FA - L12, HistSak - 13/1040

Dato: 26.10.2018